Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8. Fylke: Nord-Trøndelag.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Høylandet

Emne: Beit og brom. Bygdelag: Høylandet.

Oppskr. av: Peder Pedersen. Gard: Brøndbo

(adresse): Høylandet i Namdal. G.nr. 87. Br.nr. 4.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eige røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Til sp. 1. Beite har frå gamal tid vore nytta til næidfor her i bygda, og er det del-vis framleis. Dette forslaget er vanleg vorte kalla beite

Det treslag ein helst nyttar til beite er bjørk og selje

" sp. 2. Når ein skal ut og hente heim beite seger ein gjerne at ein skal til beiteskogen eller at ein skal ivegå kviste beite.

Noko serskilt høgredning har ein ikkje til det arbeid, og heller ikkje har eg høyrt gjete at dei nytta noko slik i gamal tid.

" sp. 3. Det var helst når det leid ut på etterjulsvinteren og ~~[illegible]~~ serleg mot vårparten at ein tok til å sanka heim beite. Og det gjer seinare den dag i dag når vårknippa tek til som verst, og det blir for lite om stråforet til å föda buskapen fram til det blir livberging ute. I slike år er beite eit vanleg næidfor.

Her i bygda plar ein ikkje køyre heile treet heim med kvistarne på for so å hogge desse til beite på heimetunet. Ein drog derimot beint i beiteskogen, der ein hogg ned nokre små lauvtre, bjørk eller selje; av desse trea

1194

hogg ein so vekk alle kvistane, som deretter vart hoggne sund til beite. Ein valde alltid ut dei minste og yngste trea, for kvistane på desse var som oftast dei mjukaste og finaste og so leis mest tenlege til attåt-for.

Å henta heim „brom" frå skogen har ikkje vore brukt her. Ordet „brom" kjenner vi berre i ei tyding: <u>i samband med å skave</u>. Ideb. eg skreiv om dette emne, altså nr. 7., har eg nemnt det <u>vi</u> kallar „brom".

Til sp. 4. Det verktøy ein i gamal tid nytta når ein skjelde „beite" var ein vanleg sigd. Men i den seinare tid nyttar ein helst ein sokalla <u>lauvkniv</u>. Dette verktøyet nyttar ein både i beite- og lauvskogen og i nepeåkeren til å skjera blada av nepa med. Lauvkniven er som regel heimelaga og er arbeidd av avbrotne ljåar. Desse blir avhogne i lengder på omlag 3 dm. I eine enden av desse stykkene stemplar ein so to hol med høvelege mellomrom. Til handtak ründer ein so til eit høveleg trestykke. Frå eine enden av dette sager ein ut eit snitt so langt som til midten av handtaket, driv so kniven inn i dette og fester so knivbladet til handtaket med to jarnnagler som føres gjennom treet og dei to hola på kniven. Desse lauvknivane plar gjerne vera både kvasse, sterke og — billege.

Til sp. 5. Beitet <u>var</u> og <u>er</u> framleis nytta til for for kut og sau. Beitet blir under sankinga sundhakka so fint det let seg gjera. Under foringa blir det ikkje blanda med anna for. Tid ut mot vårparten er det

1194

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Andre blad. Som oftast vorte slett på halmen i foringa, og då fær beitet gjera tenest i staden, er so ein er merksam på at ein ikkje har nóg nok til å föda krëskapen fram med. Slik var det i allfall før i tida.

Tilsp. 6. Beitet har ikkje vore samla i nokon haug – „beitakost" – utanfor fjøs eller løa. Ein rekna ikkje nèin meir beite om gongen" – enn det som blei jora opp kvar" dag. Einast om laurdagen må ein „kviste" so mykje beite at ein har nok over helga. Beitet blir derfor anten köyrt eller bore inn på fjöslemmen. Når ein gjer det på den måten kjem det av at her i bygda har ein på dei fleste gardane skogen og da i ser lauvskogen heilt inn til innjorda. Det blei slett og til beiteskogen og lettvint å få beitet til gards. Og so turkar det ikkje bort når det blei jora opp til kvar tid.

" Sp. 7. Den skikken som er nemnt under punkt 7. er ikkje kjendt her.

1194

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING